

2021 - 2022

ÅRSPLAN

Helland barnehage

Alle barnehagar skal etter barnehagelova ha ein årsplan, fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval.

Årsplanen skal ha desse funksjonane:

- Arbeidsreiskap for barnehagepersonale og dokumentere vala og grunngevingane til barnehagen.
- Gir informasjon om barnehagen pedagogiske arbeid til myndigheitsnivå, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte.
- Skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i pedagogisk praksis (Rammeplanen for barnehagen innhald og oppgåver, 2017, s. 38).

Innhold

Verdigrunnlaget til barnehagen	3
Kjerneprosessar	5
Leik.....	5
Læring	5
Danning	5
Omsorg	6
Språkleg kompetanse.....	6
Sosial kompetanse	7
Barns medverknad.....	7
Barnehagen som kulturarena	7
Fokusområde 2021/2022 - Barns psykososiale barnehagemiljø	8
Barns seksuelle helse.....	8
Livsmeistring.....	8
Handlingsplan mot mobbing	9
Livsgledebarnehage.....	9
Fagleg innhald i barnehagen	9
Tema gjennom året.....	9
Fagområda.....	9
Progresjonsplan	9
Kommunikasjon, språk og tekst. Progresjonsplan:	10
Kropp, rørsle, mat og helse. Progresjonsplan:	11
Kunst, kultur og kreativitet, Progresjonsplan:.....	12
Natur, miljø og teknologi, Progresjonsplan:	12
Etikk, religion og filosofi, Progresjonsplan:	13
Nærmiljø og samfunn, Progresjonsplan:.....	13
Mengd, rom og form, Progresjonsplan:	14
Høgtider og markeringar ved Helland barnehage	15
Pedagogisk dokumentasjon	17
Digital praksis i barnehagen.....	17
Plan for overgangar	17
Avdelingar og dagsrytme	19

Retningslinjer for mat og måltid	19
Studie- og planleggingsdagar	21
Forventningar til heimen	21
Samarbeid med heimen	22
Ferietilbod	22
Samarbeidspartnar	23
Lov og regelverk	24

Visjon

“Helland barnehage – ein barnehage til barnet sitt beste”



Helland barnehage ønskjer å vere med på å gi barna ein god barndom. Gi barna opplevingar som står att som lyspunkt for dei i etterkant; barna skal glede seg til å kome i barnehagen. Barnehagen skal være ein trygg og god stad, der barn skal få støtte til å meistre motgang og handtere utfordringar. Vi ønskjer å gi tid og rom for leiken, og gjennom den legge til rette for utvikling av vennskap med andre barn.

Barna skal møte omsorgsfulle og tydelege vaksne, som er tilstades for barna og som alltid søker ei forståing for barneperspektivet.

Verdigrunnlaget til barnehagen

Vi skal fremje verdiar i alle situasjonar i kvardagen i barnehagen, og dei skal kome til uttrykk når barnet leiker og lærer, ved måltid, stell og påkledning. Dette gjer vi ved å:

Barn og barndom

- Vise omsorg; vere nær, lyttande, vise innleving, vilje og evne til møte barnet. Møte barnet sitt behov for aktivitet og kvile. Sikre at alle barn får oppleve gode relasjonar til andre barn og til vaksne.
- Fremje leiken; Gi barna inspirasjon til felles leik, organisere det fysiske rommet slik at det inspirer til ulike leikeformer, vere aktive vaksne som observere og går aktivt inn i leiken der det er behov for dette, og ved å anerkjenne leiken som ein viktig del av livet til barna.
- Fremje vennskap og fellesskap; legge til rette for at barn får utvikle vennskap og halde på venner, støtte barna i utvikling av sosial kompetanse. Vere merksam på barn som fell utanfor fellesskapet, og ha nulltoleranse for mobbing.



Demokrati

- Ha respekt for ulikskapar og positive haldningar til å leve saman i fellesskap.
- Fremje danning; Legge til rette for at barna får ta del i eit meiningsfylt fellesskap som er prega av anerkjenning for deira ytringar . Legge til rette for meistringsopplevingar, som styrker deira tru på egne evner. Dei vaksne skal ta ansvar for at barna ser seg sjølv som ein aktør i eit fellesskap.
- Medverke til innhaldet i barnehagen. Alle barn skal kunne få oppleve demokratisk deltaking ved å bidra og medverke til barnehagen sitt innhald, uavhengig av kommunikasjonssevne og språklege ferdigheiter.

Mangfald og gjensidig respekt

- Synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt.
- Barna skal bli sett og anerkjent for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet.
- Mangfald i verdiar, religion og livssyn i møte mellom ulike kulturar i barnehagen.
- Respekt og fellesskapskjensle for det samiske mangfaldet.
- Synleggjere mangfald i familieformer, spegle familien sin i barnehagen.

Likestilling og likeverd

- Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.
- Ved Helland barnehage skal vi møte barnet slik at kvart barn med sine særskilde føresetnader vert møtt med anerkjenning.

Berekraftig utvikling

- Lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.
- Handlingar i dag har konsekvensar for framtida.
- Få naturopplevingar og bli kjent med mangfaldet i naturen og oppleve tilhøyrse til naturen.

Livsmeistring og helse

- Helsefremmande og førebyggjande og jamne ut sosiale forskjellar.
- Barna skal trivast og oppleve livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi.
- Barnehagen skal førebyggje krenkingar og mobbing (jf. Handlingsplan mot mobbing for barnehagane i Vestnes kommune).
- Barna skal få ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen.
- Stimulere til rørsleglede og den motoriske utviklinga til barna.
- Utvikle matglede og sunne helsevanar (jf. Retningslinjer for mat og måltid ved Helland barnehage).

Kjerneprosessar

Leik

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, det å støtte opp om barna sin leik er noko av det viktigaste målet i rammeplanen. Gjennom gode vilkår for leik får barna oppleve glede ved å leike seg, enten saman med andre eller åleine. I leiken får barna stimulert fleire sider ved utviklinga, både fysisk, sosialt, emosjonelt, intellektuelt og språkleg.

I barnehagen skal barn få oppleve leik både som eigenverdi og som grunnlag for læring og allsidig utvikling. Å få delta i leik og å få vener er grunnlaget for at barn trivst og opplever barnehagen som noko meningsfullt.



Uteleik og uteaktivitet er ein viktig del av barnekulturen som ein må ta vare på.

Barnehagen skal fysisk og organisatorisk legge til rette for variert leik.

Læring

Barnehagen skal støtte opp om at barn er nysgjerrige, kunnskapstørste og lærelystne og legge grunnlaget for livslang læring og danning.

Læring skal skje i det daglege samspelet med andre menneske og med miljøet og skal vere vevd saman med omsorg, leik og danning.

Læring om seg sjølv, om andre menneske, om samspel og om den fysiske verda omkring er prosessar som er med på å skape mening for barnet. Barnehagen skal styrkje læring både i formelle og uformelle situasjonar. Personalet planlegg og leier den formelle læringa. Den uformelle læringa er knytt til kvardagsaktivitetar og her-og-no situasjonar. Interessene og spørsmåla til barna skal danne grunnlag for læreprosessar og tema i barnehagen. Barnehagen skal kome barna i møte i deira trong til å vite og kunne.

Danning

Danning er ein livslang prosess som mellom anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over egne handlingar, meningar og veremåtar. Danning skjer i samspel med omgjevnadane og med andre.

Barna si danning heng og nøye saman med undring. Barn undrar seg over handlingar og haldningar i møte med andre, og det legg grunnlaget for ein kritisk refleksjon om seg sjølv og samfunnet. Barn undrar seg ofte i sin streben etter å forstå seg sjølv og verda. Det er viktig at den vaksne er til stades og lyttar når barna undrar seg og søker kunnskap. Når barn undrar seg skal den vaksne møte dei på ein undrande og utforskande måte og gje dei ny kunnskap og

erfaring om tema dei er opptatt av. Personalet må vise barna interesse både med språk og kroppsspråk, og møte spørsmål og undring på ein open måte.

Det er gjennom desse dannelsesprosessane at barna blir i stand til å handtere livet sitt gjennom det å utvikle evne til å prøve ut nye ting, vere nysgjerrige på tilværet og å sjå seg sjølv som ein del av eit fellesskap ilag med andre.

Omsorg



Barna har rett til omsorg og skal møtast med omsorg. Barnehagepersonalet har ei yrkesetisk plikt til å handle omsorgsfullt overfor alle barn i barnehagen. Omsorgsplikta stiller krav til personalet om merksemd og openheit overfor det unike hos kvart enkelt barn og det unike i situasjonen og gruppa.

Ein omsorgsfull relasjon er prega av vilje til å lytte, nærleik, innleving og evne og vilje til samspel. Omsorg skal prege alle situasjonar i kvardagslivet og kome til uttrykk når barnet leiker og lærer, i stell, måltid og påkledning. Desse aktivitetane gir og barna høve til å vise omsorg for kvarandre. Barna må få oppleve at dei andre i barnehagen bryr seg om dei, og at dei er opptekne av kvarandre. Vi viser og omsorg ved å gje barna varierte utfordringar og meningsfylte aktivitetar.

Omsorg har verdi i seg sjølv og er nært knytt til oppseding, helse og trygghet.

Språkleg kompetanse

Småbarnsperioden er den grunnleggande perioden for utvikling av språk. Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet. Kommunikasjon skjer i eit vekselspel mellom å ta imot og tolke budskap og å sjølv vere avsendar av ein budskap. Både den nonverbale og den verbale kommunikasjonen er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk. Barnehagen må sørgje for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler. Nokre barn har sein språkutvikling eller andre språkproblem, desse må få tidleg og god hjelp.

Snakkepakken blir brukt i arbeidet med språkstimulering/språkutvikling. Dette verktøyet skal hjelpe alle barn uansett språkferdigheiter til eit betre språk, og å gje auka fokus på språk.

Vi nyttar TRAS – (Tidleg Registrering Av Språkutvikling – i dagleg samspel) som observasjonsverktøy når vi er usikre på om barnet har aldersadekvat språkutvikling for barn over 2 år.

Sosial kompetanse



Sosial kompetanse handlar om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjonar. Barn uttrykkjer og tileignar seg denne kompetansen i samspel med kvarandre og med vaksne. Forutsetninga for at småbarn skal kunne utvikle sosial kompetanse ligg i måten barnehagen ivaretek sosialt samspel, leik og kvardagsaktivitetar på. Sosial kompetanse er heile tida i utvikling gjennom samspel og opplevingar. Kompetansen vert spegla i den evna barn har

til å ta initiativ til og halde på venskap. Barna skal lære å leve seg inn i andre sin situasjon og vise medkjensle. Å forhalda seg til kvarandre er kanskje noko av det mest vesentlege barna lærer i barndommen.

Barns medverknad

Barn har rett til å uttrykkje seg og få innflytelse på alle sider ved sitt liv i barnehagen. Å ta barna sin medverknad på alvor forutset at det er god kommunikasjon mellom barn og personalet, og mellom personalet og heimen. Barna skal vere med både å planleggje og vurdere innhaldet i barnehagen i samsvar med alder og funksjonsnivå. Dei vaksne må lytte, tolke kroppsspråk og oppmuntre barna til å gje uttrykk for tankar og meiningar. Barna skal møte anerkjenning for uttrykka sine.

Barn må både få oppleve tilknytning og fellesskap og kjenne at dei kan bestemme sjølv og uttrykkje egne intensjonar. Barn må bli tatt på alvor når dei gir uttrykk for korleis dei har det. Barna må og støttast til å leve seg inn i andre sin situasjon og ta omsyn til andre.

Helland barnehage vektlegg barns medverknad i måten vi planlegg kvardagen vår på. Slik arbeider vi i større grad ut frå «opne» planar som barna får moglegheit til å påverke både direkte og indirekte, innanfor dei rammene og føringane vi er pålagt å arbeide etter. Innhald blir i større grad delt med føresette i etterkant av gjennomført aktivitet.

Barnehagen som kulturarena

Barnehagen skal formidle verdiar og kultur, gje rom for barna sin eigen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap. Barnehagen må vere open for impulsar frå den lokale, regionale, nasjonale og globale verda. Barnehagen bør ta del i kulturen i nærmiljøet gjennom møte med institusjonar, organisasjonar og enkelte menneske. Mykje av kulturen vår blir overført frå eldre til yngre barn der leik er ei viktig side av barnekulturen. Helland barnehage vil delta som livsgledebarnehage i samarbeid med Stella Maris.

Fokusområde 2021/2022 - Barns psykososiale barnehagemiljø

Alle barnehagane i Vestnes skal i august 2021 starte opp eit kompetansehevingstiltak knytt til barnehagen sitt psykososiale barnehagemiljø.

Barn i barnehage fekk 1. januar 2021 lovfesta rett til eit godt psykososialt barnehagemiljø. Kommunane i romsdalsregionen skal saman med Høgskulen i Volda sette i gang kompetanseheving for å sikre at alle tilsette i barnehagane våre arbeider for at alle barn har ein trygg og god barnehagekvardag .

Høgskulen i Volda har det faglege ansvaret og skal rettleie barnehagane i arbeidet. Alle tilsette i barnehagen skal vere med på tiltaka, vi vil m.a. bruke to studiedagar og personalmøte til dette. I samråd med Volda vil vi etter kvart velje oss ut eit område innanfor barns psykiske helse, som vi skal arbeide med framover. Fokusområde kan variere frå barnehage til barnehage, men skal handle om ein trygg og god barnehagekvardag for alle barn.

Barns seksuelle helse

I følge Rammeplan for barnehage skal barnehagen ha ein helsefremmande og førebyggjande funksjon og fremme barns psykiske- og fysiske helse. Barnehagen har i sin posisjon ei sentral rolle i arbeidet med legge til rette for sunn seksuell helse for barnet, men også i det å kunne avdekke omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep.

Helland barnehage har arbeidd med tema i 2021, og vil fortsette med dette framover med mål om å:

- Auke kompetansen kring barns seksuelle helse i barnehagen
- Trygge vaksne på korleis ein snakkar med barn om sunn seksuell helse
- Lære barn til å ha respekt og sette sunne grenser for eigen og andre sin kropp
- Lære og ta i bruk egna verktøy i arbeidet
- Forebygge og avdekke seksuelle overgrep



Livsmeistring

Livsmeistring omhandlar mellom anna om det å kunne forstå og kunne påverke faktorar som har betydning for det å meistre eige liv. Barn og unge må lære å handtere medgang, motgang og praktiske utfordringar på ein best mogleg måte. Her under verdival, mellommenneskelege relasjonar, sette eigne grenser og respektere andre sine og det å kunne handtere tankar og kjensler. Vi må bidra til å legge til rette for eit samfunn som bidreg til å fremme meistring, og ei oppleving av tilhøyre og mening.

For Helland barnehage vil dette arbeidet i stor grad skje gjennom arbeid med det psykososiale miljøet, inkluderande vennskap, det å trygge vaksne og barn, førebygging av sosial ekskludering, krenningar og mobbing.

Handlingsplan mot mobbing

Eit godt psykososialt miljø som gir barn ei oppleving av det å høyre til og å vere ein viktig del av eit fellesskap som bidreg til førebygging av mobbing.

I samband med at barn fekk lovfesta rett til eit godt psykososialt barnehagemiljø har «Handlingsplan mot mobbing i barnehagane i Vestnes» blitt revidert og heiter no «Plan for arbeidet med eit godt psykososialt miljø i barnehagane i Vestnes»

Planen inneheld m.a. dokument som skal vere til hjelp for tilsette visst dei oppdagar at nokon ikkje har det bra i barnehagen. Du kan lese meir her: [Mobbing i barnehage - Vestnes kommune](#)

Livsgledebarnehage

Livsgledebarnehage er eit konsept eigd og drifta av *Livsglede for eldre*. Målet er å legge til rette for møteplassar mellom eldre og barn som skal bidra til å skape ein meningsfull kvardag for eldre. Gjennom felles aktivitet får både barna og de eldre kjenne på at dei betyr noko- og at dei er til glede for kvarandre. Helland barnehage vil primært samarbeide med Stella Maris. Her vil barnehagen og livsgledekoordinator bli einige om treffpunkt og aktivitet. Mariebo og Oppigarden sin hage vil også kunne vere aktuelt.

Fagleg innhald i barnehagen

Tema gjennom året

Avdelingane tek utgangspunkt i barns sine innspel, interesser og uttrykk, og tek opp ulike tema gjennom året. Tema skal settast inn i ein samanheng der dei ulike fagområda vert dekkja. Barnehagen sitt verdigrunnlag og kjerneprosessar skal kome til uttrykk i dette arbeidet. Meir om dette på dei enkelte avdelingar sine planar.

Fagområda

Fagområda i Rammeplanen gir føringar for arbeidet, med mål og forventningar. Progresjonsplanen bygger på desse føringane. Barnehagens arbeidsmetode er tverrfaglege, og barnehagen har tradisjon for å bruke tema- og prosjektarbeid som arbeidsmåtar der barna lærer i ein meningsfull samanheng. Vi skal sjå heilheitleg på barna sine moglegheiter for læring, inspirere og legge til rette for allsidige læringsarenaer. I samanheng med kvardagsaktivitetar er også fleire fagområde representert i dei ulike situasjonane eller aktivitetane.

Progresjonsplan

Vi har valt å lage ein progresjonsplan for kvart fagområde. Dette for å tydeleggjere utviklinga frå småbarn til storbarn. Vi vil legge til rette for progresjon av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leikar, materialar og utforming av fysisk miljø. Vi har som mål at barn skal få utfordringar tilpassa sine erfaringar, interesser, kunnskapar og ferdigheiter. Måla i

progresjonsplanen bygger på [Rammeplanen for innhald og oppgåver](#) til barnehagen 2017, s. 47 – 57.

Progresjon inneberer variasjonar i kva slags innhald barna møte, arbeidsmåtar og eit tilrettelagt omsorgs- og læringsmiljø. Nye kunnskapar og erfaringar må bygge på barnas tidlegare kunnskapar og erfaringar ([Meld. St. 19, Tid for leik og læring, 2015 – 2016, s. 44](#)).

Kommunikasjon, språk og tekst. Progresjonsplan:

Småbarn	Storbarn
Kvardagssamtalar: gode samtalar mellom barn og vaksne etter barnas interesser og nivå. Lyttande og anerkjennande vaksne, som bekreftar, sett ord på kjensler, benemner og samtalar med barna i alle aktivitetane.	Kvardagssamtalar: gode samtalar mellom barn og vaksne – støtte barnas tenking gjennom gode spørsmål og relevante bidrag. Kommunikasjon og språktrening i alle kvardagssituasjonar. Vaksne som snakkar tydeleg, aldersadekvat og bevisst språkbruken.
Lesestund: bruke lesekroken aktivt både når barna tek initiativ og i rolege stunder. Høgtlesing under måltid eller samlingsstund.	Høgtlesing: under måltid eller i samlingsstund. Låner bøker på biblioteket ein gong i månaden, samtaler om bøker. Støtte barnas utvikling av omgrep og den gryande lesekompetansen. Lesestund i mindre gruppe. Ha fokus på ei bok over tid, vidareføre innhaldet inn i rolleleik etc.
Samlingsstund: samtale, for eksempel om tema. Song, rim, regler eller eventyr med bildestøtte og konkretar.	Samlingsstund: trene på og lære seg lytting, konsentrasjon, turtaking og sosial meistring. Innhaldet varierer etter tema og i ulike former som for eksempel historieforteljingar med vaksne og barn.
Snakkepakken; plukkar ut aktuelle tema og nøkkelord avdelinga har fokus på. Aktiv bruk av konkretar og bilde, eks. enkle bilde- og peikebøker. Skape eit språkstimulerande miljø.	Vi nyttar oss av det pedagogiske verktøyet “ Snakkepakken ” som eit utgangspunkt for å skape motivasjon og lyst hos barnet til å lære og bruke språket. Lyttar til lydar i språket og blir fortruleg med symbol som tal og bokstavar.
Erfaring og oppleving av verbalt og non-verbalt språk.	Tolke andre sine verbale og non-verbale språk. (Pedagogisk verktøy: steg for steg.)
Relasjonsbygging og sosial kompetanse: Vaksne som støttar og hjelper barna i samtale med andre barn. Lære konkrete ord og formulere setningar som hjelp i konflikhtar og problemløysingar.	Relasjonsbygging og sosial kompetanse: Trening på omgrep og trening i å bruke ord til å beskrive kvardagen, kjenslene sine, egne meiningar og om dei oppleve noko ugrent. Fremje tillit mellom barn og mellom barn og vaksne. Språkleg aktiv og bygge opp omgrep og ordforråd på norsk, samstundes synleggjere det språklege mangfaldet og oppmuntre til bruk av morsmål.

Tilrettelegging for variert rolleleik og sosiale arenaer for kommunikasjon.	Rolleleik, barnestyrt i frileik med tilrettelegging av vaksne. Tilrettelegging for at barna kan halde på med eigen leik over lenger tid.
Læringsbrett, kvar avdeling har egne retningslinjer for bruken av digitalt verktøy. (Jf. Fokusområde).	Bokstavleik og – spel, bli kjent med bokstavlydar og stavingar i aktivitetar og språkgruppe, spel og appar på læringsbrett. (Jf. Fokusområde). Leikeskriving gir viktig stimulering for barnas seinare skriveferdigheiter. Støtte barna når dei tek initiativ til å telje, sortere, lese, leikeskrive eller diktere tekst.

Kropp, rørsle, mat og helse. Progresjonsplan:

Småbarn	Storbarn
Turar med og utan vogn for alle. Fast turdag for dei eldste på tvers av småbarnsavdelingane. Utetid kvar dag.	Utetid kvar dag gjennom heile året. Fast turdag kvar veke, med naturleg progresjon i høve fysiske utfordringar. Utvikle glede over å bruke naturen til utforskning og kroppslege utfordringar, og få forståing av korleis ein brukar og samtidig tek vare på miljøet og naturen.
Barna skal få klatre opp og ned av stolen eller liknande sjølv. (jf. Fokusområde: Klare sjølv).	Oppleve variert leik som utfordrar motoriske grunnøvingar som hoppe, balansere, rulle, krabbe.
Samlingsstund, ringleik og liknande, dans, bevegelse og enkle songleikar.	Vidareutviklar kroppskontrollen, grovmotorikk, finmotorikk, rytmen og den motoriske kjensleevna.
Tilrettelegging for, og oppmuntring til allsidig fysisk og motorisk leik både ute og inne.	Brukar t.d. Barneyoga, Minirøris og bevegelsesleikar på avdelingane.
Oppmuntre barna til å smake på forskjellig mat. Legge vekt på ro og hygge rundt måltida. Tilrettelagt for eit varmmåltid i veka.	Barna forsyner seg sjølv, smaker på all maten og samarbeide ved bordet. Legge vekt på ro og hygge rundt måltidet.
Sjølvstendetrening i måltidssituasjon og påkledning med mykje støtte frå vaksne. Auke gradvis sjølvstendigheita. Frivillig, begynnande dotrening og tilrettelegging for bleieslutt når barna er modne for det.	Mest mogleg sjølvstende ved måltid, i påkledning og i forhold til toalettbesøk. Auka kroppsbevisstheit og trening i å kunne setje egne grenser i fht. Intimitet. Utvikle forståing og respekt for sine egne og andre sin kropp, og at alle er forskjellig.
Sovetid for alle i eiga vogn ute eller madrass inne, evt. kvilestund for dei som ikkje søv.	Kvilestund, etter uteleik og før fruktmåltid. (ca. 20 min.).
Måltid, følgje retningslinjer frå Helsedirektoratet, (jf. Retningslinjer for mat og måltid ved Helland barnehage).	Måltid, følgje retningslinjer frå Helsedirektoratet, (jf. Retningslinjer for mat og måltid ved Helland barnehage). Utvikle barnas sosiale kompetanse, kulturforståing og kunnskapar og haldningar til mat og drikke.

	Ordensvakt er medhjelpar til på dekking og hjelpe til med å lage til maten.
	Henry, førstehjelp for barnehagebarn (3 til 6 år). Barna får lære kva dei skal gjere dersom nokon slår eller skadar seg. Spørje kva som har skjedd, eventuelt trøyste og hente hjelp.
Tema: Lyd og høyrsel. Forebyggjande tiltak for å hindre unødig støy.	

Kunst, kultur og kreativitet, Progresjonsplan:

småbarn	storbarn
Utforske ulike maleteknikkar, eks. fingermaling, bruke pensel, hand- fot avtrykk.	Lære seg fargane gjennom utforsking og eksperimentering med fargar og teknikkar.
Lære eit repertoaret med song og songleikar. Lytte og danse til variert musikk. Skape eigen musikk med rytmeinstrument.	Song- dans og musikktradisjonar knytt til årstid. Tradisjonsleik, kulturarv.
Formidle rim og regler, eventyr og forteljingar med konkretar og rekvissittar.	Dramatisering, metode for presentasjon av tema og eventyr. Utkledning i frileik.
Utforske foto-, teikne- og animasjonsapp`ar på læringsbrett eller pc. (Jf. Fokusområde).	Tilrettelegging for at barna skal få oppdage og utvikle sine kreative evner. Forteljingar laga av barna eller vaksne i barnehagen, teaterleik, ulike foto-, teikne og animasjonsappar på læringsbrett eller pc. (Jf. Fokusområde).
Fellesprosjekt basert på barnas interesser eller tema. Barnas produkt henges opp på veggen til utstilling og inspirasjon	Barnas produkt henges på veggen til utstilling og inspirasjon, synleggjere prosess og produkt i arbeid med tema.
	Få innblikk i dei ulike kulturane som er representert på avdelinga.
	Ein kulturoppleving, i form av teater og musikkforstillingar.

Natur, miljø og teknologi, Progresjonsplan:

småbarn	storbarn
Opplive og undre seg over endringane i naturen, dyre og planteliv gjennom dei ulike årstidene.	Opplive og undre seg over endringane i naturen gjennom dei ulike årstidene. Erfare korleis årstidene påverkar kvardagen.
Faste turmål i nærmiljøet, der barna får oppdage og utforske naturen. Lære barna å respektere naturen. Studere dyr og insekt.	Resirkulere, sortere papir, plast og batteri. Rusken-aksjon før 17. mai. Uteleik kvar dag. Fast turdag i veka, med varierende lengde og turmål. Utforsking, undring og fordjuping i naturfenomen, dyr og fugleliv, dyrespor, planter og blomster, insekt og småkryp.

Sansemotoriske og taktile aktivitetar.	Samle naturmateriale til ulike formingsaktivitetar og estetisk uttrykk.
Konstruksjonsleik med duplo, klossar, store puter, plastilina og liknande.	Forsking og eksperimentering med ulike element som vatn, is, eld og liknande. Konstruksjonsleik og systematisere med for eksempel; tekniske leiker, magnetar, lego, klossar, snikkarverkstad, forming med leire og liknande.

Etikk, religion og filosofi, Progresjonsplan:

småbarn	storbarn
Barna deltar i barnehagen sin markeringar av tradisjonell kristne høgtider med eit forenkla julebodskap. Vi har karneval, feiring av fastelavn og fokus på nytt liv til påske.	Barna er aktive deltakarar i barnehagen sin markeringar av tradisjonell kristne høgtider, og lærer om jul, karneval og feiring av fastelavn, påske og pinse. Barna introduserast for høgtider innanfor ulike kulturar og religionar som er representert på avdelinga.
Utvikling av fellesskap, vennskap og gode relasjonar.	Fokus på fellesskap, vennskap og gode relasjonar.
Grunnleggjande erfaring med etikk, empati og prososial åtferd med vaksne som rollemodellar og veiledarar.	Barna møtes med økte krav og forventningar til deira sosiale kompetanse og prososiale åtferd med vaksne som rollemodellar og rettleiar.
Fokus på å gi barna gode verktøy til konflikthandtering.	Samtale om kjensler, toleranse, ulikheiter, personlege grenser og respekt for andre.
Barna blir møtt med anerkjenning for alle sine kjensler, og hjelp til å handtere dei.	
Barn og vaksne filosoferer over kvardagens små og store ting.	

Nærmiljø og samfunn, Progresjonsplan:

småbarn	storbarn
Oppleve det positive i å vere del av eit fellesskap på avdelinga og i barnehagen, danne gode relasjonar innad på avdelinga og på tvers. Turar på tvers med dei andre småbarnsavdelingane er eit godt utgangspunkt.	Erfarar det meiningsdannande i å vere del av eit større fellesskap og danne gode relasjonar. Samtalar og medverknad om reglar på avdelinga. Barna lærer litt om det norske samfunnet, lover og reglar, kven som bestemmer og kongehuset. Dette er tek vi med i tema 17. mai og når det er valår.
Begynnande medverknad i eigen kvardag, som aukast etter kvart.	Tilrettelegging for aktiv medverknad i eigen kvardag. Til dømes jobbe med «barnas dag», der barna er med å vel aktivitetar. Tema om barnekonvensjonen og FN dagen.
Barna møtes som sjølvstendige individ, barn skal få oppleve seg sjølv og andre som sjølvstendige individ.	Barna opplever seg sjølv og andre som sjølvstendige individ.

	<p>Utvikle forståing for ulike tradisjonar og levesett som er på avdelinga, som kulturelt mangfald, ulike levemåtar og forskjellige familieformer.</p> <p>Bli kjende med at samane er urfolket i Norge, eige tema i samband med samedagen.</p>
<p>Oppleve at det vert teke like mykje omsyn til gutar og jenter. Ha respekt for enkeltindividet. Bevisste haldningar til at interessene til barna skal vere uavhengig av kjønn.</p>	
<p>Barna blir kjent i barnehagen sitt nærmiljø gjennom faste turar og utflukter til sentrum, bibliotek. Lære å orientere seg og ferdast trygt.</p> <p>Besøke arbeidsplass til føresette i nærheita eller snakke om kva yrke dei har.</p>	<p>Blir kjende med og deltek i samfunnet gjennom opplevingar og erfaringar i nærmiljøet. Besøk til dømes lokale leikeplassar, bibliotek, brann/ambulansestasjon, politistasjon, rådhuset, skule og andre stadar i nærmiljøet. Lære å orientere seg og ferdast trygt.</p>

Mengd, rom og form, Progresjonsplan:

småbarn	storbarn
Kunne sortere leike, legge i rett kasse (merka med bilde og tekst).	Leiker og materialar sorterast og ryddast i boksar og korgar med faste plassar, merka med bilde og tekst.
Barna ser tal i bilete og konkretar.	Leike seg med tal og bokstavar. Bruke bevisst bilde av bokstavar og tal på avdelinga.
<p>Telje, benemne og sortere ting i ulike størrelsar og former:</p> <p>Barna får erfaring med ulike former og materialar i leik og aktivitetar.</p> <p>Konstruksjonsleik med store og små klossar, duplo og gjenstandar.</p> <p>Tilgang på enkle puslespel, ulike spel og appar på læringsbrett. (Jf. Fokusområde).</p> <p>Les eventyr og forteljingar med teljing og matematiske omgrep.</p> <p>Bruke språket bevisst ilag med barnet, for læring av omgrep.</p>	<p>Leikebaserte aktivitetar på 6 årsklubb med matematiske omgrep som: geometriske former, mønster, måling, tal, plassering, sortering.</p> <p>Bevisst samtale omkring matematiske omgrep under måltid – teljing, geometriske former, deling.</p> <p>Barna lærer å bruke matematiske omgrep i kvardagen som tal, former og mønster i leik og aktivitetar.</p> <p>Tilgang på puslespel, kortspel, terningspel og appar på læringsbrett. (Jf. Fokusområde).</p> <p>Barna dekker bord og tel koppar, tallerkenar og bestikk. (Ordensbarn).</p>
Barna erfarer fart og berekning på mellom anna dissene, syklane og i leik med ball.	Barna erfarer fart og berekning på mellom anna dissene, syklane og i leik med ball.
Mengde øving- kva er tungt? Kva er lett?	Barna deltek noko i matlaging og lærer om veging, måling og mengder.
Romfølelse, som å vere inne i og utanpå.	Romfølelse, læring av omgrep.

Høgtider og markeringar ved Helland barnehage

Den enkelte avdeling markerer dei religiøse høgtidene som er representert på avdelinga, i samråd med føresette.

Religion/høgtid eller tradisjon:	Småbarn:	Storbarn:
Kristendom/jul:		
Jul – adventstid <ul style="list-style-type: none"> Adventssamling 	Tenne adventslys, syng Adventssangen “tenn lys”/”nå tenner vi det første lys”. Les julebøker (sjå litteraturliste) og snakkar om kvifor vi feirar jul. Brukar julesonghefte syng: på låven sitter nissen, å jul med din glede. Dramatiserer songar. Adventskalender. Nøkkelord om jul.	Fortelje kva ei adventstid er, og kvifor vi feirar jul. Forteljing om julebodskapet ei samling. Tenne adventslys, syng Adventssang “nå tenner vi det første lys”/” tenn lys”. Julesonghefte, øver på songane. Les julebøker, sjå eiga litteraturliste. Adventskalender med nedteljing til julaftan.
<ul style="list-style-type: none"> førjulsgudsteneste 		Eigen liturgi, sjå julesonghefte. Foreldra kan reservere seg, står i skrivet om juletida. Lagar eigen juletrepynt som dei får henge opp på juletreet i kyrkja.
<ul style="list-style-type: none"> Lucia, 13. desember. 	Får lussekattar med 5 åringane som går Luciatog under frukosten.	5 åringane: bake lussekattar, øve på Lucia-songen. Snakkar om kvifor vi feirar luciadagen. Går i Luciatog til avdelingane og institusjonar i nærleiken (Mariebo, Oppigarden og Ressurssenteret). Barna kler seg i kvite kler og lys.
Tradisjon/jul:		
<ul style="list-style-type: none"> Julegåver og julepynt 	Alle får lage minst ei julegåve sjølv som dei får med heim. Pynte avdelinga.	Alle får lage minst ei julegåve som dei får med heim. 5 åringane lagar juletrepynt.
<ul style="list-style-type: none"> Nissemarsj 	Alle har på nisselue. Kan vere med dersom ønskje, men startar kl. 13.	Alle har på nisselue. Vi går på tur til institusjonar i nærleiken og syng julesongar (“På låven sitter nissen” og “Musevisa”).
<ul style="list-style-type: none"> Nissegraut 	Risengrynsgraut til lunsj, etter nissemarsjen.	

<ul style="list-style-type: none"> • Julefrukost 	Foreldra og søsken tek med seg pålegg til felles frukost i barnehagen.	
Kristendom/Påske:		
<ul style="list-style-type: none"> • Påskesamling 	Eksempel på song: “ Ein liten kylling i egget låg”. Nytt liv – sår frø og dyrkar fram.	Påskehandlinga, Jesus dør og står opp igjen. Spørsmål om døden kan kome opp. Dele opp i fleire samlingar for å gi tid til spørsmål og undring. Personale undre seg ilag med barn, ikkje kome med fasit. Tilpasse innhaldet til aldersgruppa. Eksempel på song: “Ein liten kylling”, “Mine hender er fulle av blomar”, “Blomar små”.
Tradisjon/Påske:		
<ul style="list-style-type: none"> • Karneval/temadag 		Barna kan kle seg ut, avdelinga styrer tema. Leik og moro.
<ul style="list-style-type: none"> • Påseharen og påskeegg 		Vaksne kler seg ut og legg/gøymmer eit egg ute til avdelinga. Bruke forteljinga om korleis påseharen vart til, og bakgrunnen til bruken av egg i påska.
Kristendom/Pinse:		
<ul style="list-style-type: none"> • Invitasjon frå kyrkja. 		Kyrkjebesøk for 5 åringane, markerer kyrkja sin bursdag. Foreldra kan reservere seg.
Tradisjon/Fødselsdags-markering:		
	Plakat på døra med bilde av barnet og alder. Bursdagskrone, bursdagssong.	Plakat på døra med bilde av barnet og alder. Bursdagskrone, barnet er med og pyntar og vel farge på krona. Bursdagssamling med bursdagssong, bursdagsbarnet er medhjelpar på samlinga.

Pedagogisk dokumentasjon

Dokumentasjon er eit viktig element i barnehagen si planlegging og vurderingsarbeid.

Grunnlaget for pedagogisk dokumentasjon vert lagt gjennom observasjon, dokumentasjon og refleksjon over denne dokumentasjonen. Gjennom deling av forståing og tolking av dokumentasjonen vil tilsette kunne evaluere arbeidet sitt og utvikle kvaliteten på arbeide sitt.

Føresette vert informert om tema/prosjektarbeid gjennom Visma appen for føresette, i beskjedar vert det informasjon om tema i forkant og ei oppsummering i etterkant. Undervegs vert det delt dagbok med bilde.

I tillegg til dette vil avdelingane utarbeide rullerande vekeplanar som varer over tid td eit halvår. Planen gi vil informasjon om fast innhald gjennom veka.

Digital praksis i barnehagen

Den digitale praksisen i barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring. Bruken av digitale verktøy skal støtte opp under barna sine læringsprosessar og vere med på å utvide læringsmiljøet i barnehagen. Vi legg vekt på at barna skal vere aktive i forhold til digitale verktøy i barnehagen og at bruken av digitale verktøy skal fremje fellesskap og samhald mellom barna.

Det er utarbeidd ein eigen digitaliseringsplan med progresjonsplan, som er gjeldande for dei kommunale barnehagane i Vestnes kommune. Denne plana “Pedagogisk bruk av digitale verktøy, plan for dei kommunale barnehagane i Vestnes kommune” kan ein også finne digitalt på heimesida til Vestnes Kommune.



Plan for overgangar

Plan for tilvenning ved oppstart i barnehagen

Det vert lagt vekt på å få til ein god og trygg overgang frå heim til barnehage. Vi sender ut velkomstbrev med invitasjon ein besøksdag i barnehagen og tidspunkt for tilvenningsdagar. Oppstart i løpet av året får også tilbod om ein besøksdag. Vi har eigne rutinar ved oppstart for minoritetsspråklege barn i barnehagen.

Godkjent av Samarbeidsutvalet 26.05.2021

Under tilvenninga ber vi føresette om å vere i barnehagen minst tre dagar med kortare opphaldstid, så auke tida etterkvart. Personale arbeider etter primærkontaktordninga, dvs. at det er eit personale som skal ha hovudoversikta for enkeltbarn og føresette den første tida. Det er viktig at barna også vert trygg på heile personalgruppa ved avdelinga i løpet av tilvenningsperioden.

Plan for overgang frå småbarn - til storbarnsavdeling

Barn som skal over på storbarnsavdeling i løpet av året eller ved overgang til nytt barnehageår, får tatt dette opp som sak på foreldresamtalen mai/juni før overgangen. Pedagogane har så ein overføringssamtale mellom avdelingane for best mogleg kjennskap til barnet før oppstart. Føresette får eit eige brev om kva avdeling barnet skal flytte over til, med anbefaling om ein besøksdag og tilvenningstid ved oppstart. Før overgangen legg avdelingane opp til at barna får ein gradvis tilvenning til den nye avdelinga over ei lenger periode for å trygge barna på overgangen. Kvar avdeling sender ut ein mail til sine føresette med ei oversikt over dei tilsette på avdelinga før nytt barnehageår, og tankar om innhaldet for hausten. Etter at barna har starta på ny avdeling vert nye føresette kalla inn til ein tidleg foreldresamtale, og oppfordra til å ta kontakt om ein ønskjer fleire foreldresamtalar.

Plan for overgang barnehage – til skule

Plana for overgangen legg til grunn Rammeplanen for barnehage, Kommunal plan for overgang frå barnehage til skule og Lokal plan for overgang mellom Helland barnehage og Helland skule.

Barnehagen har klubb for 6 åringane det siste året i barnehagen, der vi vektlegg å skape gode relasjonar på tvers av avdelingane, og har ei leikeprega tilnærming til sjølvregulering, språk og matematiske omgrep. Vi har overføringssamtale med skulen etter at vi har hatt foreldresamtale med føresette om kva som skal takast opp med skulen om deira barn. Før sommarferien har vi ein eigen seremoni der vi markerer overgangen frå barnehage til skule med enkel underhaldning og utdeling av permar og rose.



Avdelingar og dagsrytme

Helland barnehage består av 8 avdelingar, fordelt på to bygg likt fordelt mellom småbarn- og storbarn. Vi har dagleg samarbeid mellom avdelingane på husa og planlagt samarbeid på tvers av husa.

Nedre: Havhesten og Sjøstjerna (storbarn), Blekkspruten og Kråkebollen (småbarn) .

Øvre: Kanutten og Maurtua (storbarn), Knerten og Nøtteliten (småbarn)

Klokkeslett:	Aktivitet:
Kl. 6.45	Barnehagen opnar, føresette må hjelpe barnet med å vaske hender før dei gjeng inn på avdelinga.
Kl. 8.00-9.00	Frukost (ta med eigen matpakke) 30 min. tilpassa kvar avdeling.
Kl. 9.00	Leik inne/ute
Kl. 9.30	Kjernetid. Faste aktivitetar/fokustid. Sjå vekeplan
Kl. 10.30 - 12.00	Lunsj 30 min. Tilpassa kvar avdeling.
Kl.12.00	Kviling / soving eller uteleik
Kl. 14.00	Felles rydding av uteområde for dei som er ute.
Kl. 14.00-15.00	Ettermiddagsmåltid 30 min, tilpassa kvar avdeling.
Kl. 16.15	Avdelingane og uteområde skal vere rydda.
Kl. 16.30	Barnehagen stenger, alle skal vere henta.

Retningslinjer for mat og måltid

1. Tre faste måltid kvar dag: frukost (medbrakt), lunsj og ettermiddagsmåltid. Ca. kvar tredje time, småbarn kan ha hyppigare etter behov.
2. Alle barna må få god tid til å ete maten sin, minst 30 minutt.
3. Mat og måltid skal vere i tråd med kostråda frå Helsedirektoratet. Vi serverer variert måltid i løpet av veka, med plantebaserte matvarer, fisk og sjømat som det mest sentrale.
 - Tradisjonane i barnehagen:

- Bursdagsfeiring – grove vaflar, grov pizza, ostesmørbrød, popcorn, fruktfat og smoothie/smoothie-is.
 - Turdag – servere varm drikke, varm melk, kakao eller suppe når det er kaldt. Småbarn skal ikkje introduserast for noko nytt som inneheld sukker, utan samtykke frå føresette.
 - Haustfest med haustsuppe – vi lagar grønsaksuppe med kjøtt (brennsnut) til føresette og søsken.
 - Hausting – vi brukar det vi haustar til å lage mat i barnehagen. For eksempel sylte, saft, kake, grønsaksuppe og andre middagar. Småbarn skal ikkje introduserast for noko nytt som inneheld sukker, utan samtykke frå føresette.
 - Adventskalender – kan velje mellom smakskalender eller pepparkakekalender (små hjarte).
 - Julebakst – ein sort, velje mindre deig, evt. havrekjeks, aniskringle med havregryn (stikke ut med former).
 - Lucia – lussekattar (bollar med gurkemeie), barna får ein kvar resten vert delt ut til dei eldre på institusjonane.
 - Nissefest – risengrynsgraut og melk/vatn. Nissen deler ut julebakst som barna har laga i staden for kjøpe.
 - Julebord – tradisjonell julemat servert på avdelinga.
 - Julefrukost – føresette har med pålegg, barnehagen står for brødmat og drikke.
 - Karneval – Fiskeburger. Katta i sekken/fisking – fullkornkjeks.
 - Barnehagedagen – Servere kjeks, ost og drue og stettglass med bobler.
 - Fastelavn – fastelavnsbollar (bollar med krem og sylte).
 - Påskelunsj – gul dag for barna, servere mat med gul farge.
 - Påskeegg – kjeks i små posar, fullkorn.
 - 17. mai markering – 16. mai etter at vi har gått i tog, pølse og speltbrød/lompe. Smoothies- is.
 - Sommarfest – Arrangerast av føresette, med sal av mat.
4. Barna skal få grønsaker, frukt eller bær kvar dag (halvparten bør vere grønsaker). Innta minst tre av «fem om dagen» i barnehagen. Tilby grønsaker til alle måltida.
 5. Barna får tilbod om ekstra lett melk og vatn til måltida. Vatn skal alltid vere tilgjengeleg.
 6. Vi skal ikkje servere brus, juice, godteri og snacks i barnehagen.
 7. Personale skal fremje helse og mat- og måltids glede med aktiv deltaking.
 8. Måltidet skal vere ein pedagogisk arena der barna får medverke i mat- og måltidsaktivitetar.
 9. Alle barna og personale skal vaske hendene før kvart måltid.

10. Personale skal lagre, lage til, servere og merke maten i barnehagen i samsvar med regelverket og råda frå mattilsynet.
- Bruke forkle under matlaging.
 - Halde kjøleskap og frysar til rett temperatur (eigne avviksskjema).
 - Rein sone og skitten sone for koppar.
 - Eigen vask for koppar og eigen for handvask.
 - Merke alle frysevare med dato.
 - Sette fram lite, begrensa mengde. Kaste pålegg som vert ståande framme etter lunsj, evt. nytte det ved ettermiddagsmåltid.
 - Merke opna emballasje som leverpostei og pølsepålegg.
11. Personale skal ta omsyn til barn som har særskilde behov knytt til mat og måltid. Fylle ut eige skjema og legge ved legeattest.
12. Personale bør ha eit miljøvennleg praksis med lite matsvinn og eit mattilbod der plantebaserte matvarer og fisk og sjømat er sentrale. For å unngå at varer går ut på dato må personale vere bevisst når ein handlar inn kva vi har i kjøleskap, matskap og frysar frå før.

Studie- og planleggingsdagar


Barnehagane i Vestnes kommune har satt av 5 dagar til studie- planlegging. Barnehagen er da stengt. Studiedagane vert brukt til kvalitetsutviklinga av personale gjennom kurs i regi av kommunen eller intern kompetanseheving. Barnehageåret 2021/2022 vert det desse dagane:

- **Måndag 16. august 2021 (skulen har sommarferie).**
- **Måndag 11. Oktober 2021 (skulen har haustferie)**
- 3 studiedagar er ikkje fastsett, føresette og personale vil få beskjed seinast 3 veke før.

Forventningar til heimen

Ansvar for barnet mitt går over frå personalet til meg eller annan føresette når eg/vi er i barnehagen eller på barnehageområde. Er ein i tvil i enkelttilfelle er det viktig med god kommunikasjon og avklaring med personale på avdelinga.

Samarbeid med heimen



Vi ønsker at samarbeidet med heimen skal ha preg av openheit og tillit, slik at det kjem barna til gode. Dette skal skje gjennom den daglege kontakta i hente- og bringesituasjon, på foreldresamtalar og foreldremøte.

Foreldrearrangement – sosiale samankomstar er viktig for at føresette skal opprette kontakt mellom

kvarandre og barnehagen. Det er derfor viktig at alle tek ansvar for å skape relasjonar der alle vert inkludert.

Brukarundersøking – er kvart år i november, dette er ei foreldreundersøkinga frå Udir (utdanningsdirektoratet) som føresette svarar digitalt. Tema som vert spurt om er barnets trivsel og utvikling, samarbeidet med barnehagen, informasjon og tilfredsheit med lokalar og uteareal.

Foreldreråd - Foreldrerådet består av alle føresette som har barn ved Helland barnehage.

FAU – Foreldrekontaktutvalet - Består av 1 foreldrerepresentant frå kvar avdeling. Desse har minst 2 møter i året. Nye medlemmar med vara vert valt inn på foreldremøte om hausten kvar år. Leiar i FAU kallar inn, og einingsleiar kan møte ved behov.

Foreldrerådet og FAU skal fremje foreldra sine interesser og vere bidragsytarar til eit godt samarbeid mellom barnehage og foreldre for å skape eit godt barnehagemiljø.

SU – Samarbeidsutvalet - Består av to representantar frå FAU (føresette), to representantar frå personale i barnehagen, ein representant frå eigar (kommunen). Einingsleiar møter til vanleg på møta. SU skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ.

Einingsleiar skal sørge for at saker av viktigheit vert lagt fram for foreldrerådet og samarbeidsutvalet. Årsplan skal fastsettast av samarbeidsutvalet kvar år.

Ferietilbod



Ferietilbodet er regulert i [Vedtektene](#) til kommunale barnehagar. Helland barnehage held ope heile sommaren, kvart barn tek ut minimum tre veke samanhengande sommarferie og ei veke i romjula. Samarbeidsutvalet kan vedta å stenge 4 veke om sommaren. Foreldre betalar for 11 månader i året, juli er betalingsfri.

Det vert sendt ut digitalt skjema for føresette med svarfrist 1. april. Barnehageåret sluttar 31. juli, barn som skal over til skulen

kan derfor ikkje velje ferie etter barnehageslutt. Nye barn startar først etter studiedagane i august.

Samarbeidspartnar

Eigar

Helland barnehage er eigd av Vestnes kommune. Kommunen skal gje rettleiing og sjå til at barnehagen vert driven etter gjeldande regelverk.

Administrasjonssjefen er øvste administrative leiar og kommunestyret er øvste politiske leiing. Einingsleiar tek del i leiarmøta leia av administrasjonssjefen. Både einingsleiar og assisterande styrar deltek på styrarmøte ein gong i månaden leia av rådgjevar for barnehagesektoren.

Barne- og Ungdoms Tenestene – BUT

Driftseininga Barne- og ungdomstenestene består av Barnevern, Helsestasjon, PPT, Vestnes ressurscenter og Sosiale tenester for barn og unge. Barne- og ungdomstenestene skal yte samordna, heilskaplege tenester til barn, unge og familiar.

Forutan å vere tilgjengeleg på sine respektive arbeidsplassar, er fagpersonane også tilgjengelege på skular og barnehagar. Barne- og ungdomstenestene er organisert i team. Barnehagen kan ha møter gjennom året med teamet. Barnehagen har også fast kontaktperson frå PPT.

Utdanningsinstitusjonar

Barnehagen pliktar å stille barnehagen til disposisjon for øvingsopplæring for barnehagelærarstudentar, og stille med øvingslærarar.

Barnehagen tek også imot lærlingar i barne- og ungdomsarbeidar faget, og elevar frå vidaregåande skule til praksisperiodar.

NAV kan vere aktuell samarbeidspartnar i høve personar som treng arbeidsutprøving eller språkpraksis.

Grunnskulane

Barnehagane skal, i samarbeid med skulane, leggje til rette for overgangen frå barnehage til første klasse og eventuelt skulefritidsordning. Det er utarbeidd “Kommunal plan for overgangen mellom barnehage og skule” og lokale planer for overgangen.

Lov og regelverk

Helland barnehage vert driven etter Lov om barnehagar med forskrifter. (Barnehagelova, 2018) Samfunnsmandatet til barnehagen er å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd og legge til rette for leik, livsglede og meningsfylte opplevingar og aktivitetar.

[Rammeplan for barnehagar](#) (Forskrift om rammeplan for barnehagar, 2017), er ei forskrift til barnehagelova. Planen legg føringar for verksemda, og gjev retningslinjer for barnehagen sitt innhald og oppgåver.

Vidare har barnehagen [vedtekter](#), vedtekne i Vestnes kommunestyre, der det vert sagt noko om korleis ein driv barnehagen.

Barnehagen sin årsplan er utarbeidd på grunnlag av barnehagelova, forskrifter og kommunale retningslinjer. Sjå heimesida til Vestnes kommune for å sjå sentrale planar og retningslinjer som barnehagen følgjer.

Utifrå årsplana får foreldra meir detaljerte planar frå si avdeling, som til dømes vekeplanar eller andre planar og informasjonsskriv.